

## Sognarådet interkommunalt politisk råd

### Møteinnkalling

**Organ:** Arbeidsutvalet  
**Møtestad:** Quality Hotel Sogndal  
**Dato:** 30.-31. oktober 2023  
**Tidspunkt:** 30.10 kl 15-31.10.kl 14

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 908 30 284 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

### Dagsorden

#### Måndag 30. oktober 2023

##### Orienteringar

1500	Kaffi/te og rundstykker
1530	Velkomen til møte v/ leiar Roy Egil Stadheim Velkomen til Sogndal v/ ordførar Stig Ove Ølmheim
1550	Orientering om Sognarådet og regionalplan for Sogn v/ Karina Nerland, dagleg leiar Innspele og kommentarar
1630	Pause og fotografering
1650	Signering av samarbeidsavtalen for Sognarådet interkommunalt politisk råd
1710	Korleis løfte regionalt samarbeid? v/ Tommy Aarethun, kommunikasjonssjef Initiativ Vest Innspeleunde og diskusjon
1825	Oppsummering v /leiar
1830	Møtet slutt
1930	Middag på La Pergola

#### Tysdag 31. oktober 2023

##### Handsaming av saker

0900	Oppmøte Godkjenning av innkalling, dagsorden og sakliste Godkjenning av protokoll frå møtet 28.-29. august 2023 Val av to representantar til underskriving av protokoll frå dagens møte Handsaming av saker
------	---

### *Orienteringar*

1200	System for styrka læring – regional barnehage- og skuleutvikling i Sogn v/ Ingrid Steine Bortne, programleiar
1230	Lunsj
1330	Orientering om status for Sogn kommunalt oppgåvefelleskap v/ Stig Stark-Johansen og Joakim Systaddal, rådmannsgruppa
1400	Vel heim!

Roy Egil Stadheim  
leiar

*Dette dokumentet er elektronisk og har difor ikkje underskrift*

## Sakliste

---

31/2023	Auka løyving til prosjektet Masterplan for reisemålet Sogn
32/2023	Overføring av oppgaver til Sogn kommunalt oppgåvefellesskap
33/2023	Budsjett 2024 for Sognarådet
34/2023	Val av representantar til arbeidsgrupper i Sognarådet
35/2023	Val av representant og vararepresentant til Klimaråd Vestland
36/2023	Val av representant og vararepresentant til styringsgruppa for masterplan
37/2023	Orienteringssaker

---

Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar

Sak nr.: 2022/321

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
31/2023	31.10.2023	Arbeidsutvalet

## Auka løyving til prosjektet Masterplan for reisemålet Sogn

---

### SAKSFRAMSTILLING

---

#### Tilråding:

Sognarådet interkommunalt politisk råd løyver årleg kr 100 000 for 2023-2025 til gjennomføring av hovudprosjektet *Masterplan for reisemålet Sogn fase 3 frå ord til handling*. Løyvinga kjem i tillegg til tidlegare vedtak om årleg løyvinga kr 275 000 for 2023-2025. Beløpet blir KPI-justert for andre og tredje prosjektår.

Løyvinga vert finansiert av kontingentmidlar / fondsmidlar div. prosjekt.

#### Vedlegg:

Prosjektplan Masterplan for reisemålet Sogn fase 3 frå ord til handling

#### Saksframlegg:

##### Bakgrunn:

Masterplan for reisemålet Sogn er utarbeidd av Visit Sognefjord på oppdrag av Sogn regionråd 2017-2021 med finansiering frå Innovasjon Norge, Sogn regionråd og Visit Sognefjord. Kvalifisering for merke som berekraftig reisemål er gjort samtidig. Masterplanen har store ambisjonar og vil krevje ei styrking av innsatsen og god samhandling. Rapporten «regionalt reiseliv», som er utarbeidd av Sogn næring på oppdrag av Sogn regionråd, viser fire scenario for utviklinga av reiselivet i Sogn langs aksane prioritet av reiselivet og vilje til samarbeid. Tilrådd løysingsforslag er «Ei samla og berekraftig reiselivssatsing i Sogn». Ei slik løysing er i samsvar med strategien i regionalplanen om at regionrådet skal medverka til å samordna og styrke den regionale innsatsen for å fremje Sognefjorden som reisemål.

I møtet 24. mars 2023 vedtok Sogn regionråd å løyve årleg kr 275 000 for 2023-2025 til gjennomføring av hovudprosjektet, som skal eigenfinansierast innan tre år. Kommunane vart oppmoda om å løyve resterande midlar i tre år for å finansiera prosjektleiarstilling for masterplan og merkeordning. I tillegg vart kommunane bedne om å stille med egne ressursar til eitt årsverk slik at det samla er to årsverk knytt til handlingsplanen og berekraftig destinasjon.

Kommunane har i perioden april-august meldt tilbake at dei bidreg med midlar i samsvar med prosjektplanen. Dette utgjer samla kr 350 000 årleg frå 2023 og beløpet vil bli KPI-justert for år 2024 og 2025. I tillegg bidreg alle kommunane med egne stillingsressursar.

Sognarådet si finansiering kr 275 000 består i hovudsak av kontigentmidlar frå kommunane. Høyanger kommune er medlem av Visit Sognefjord, men ikkje medlem av Sognarådet. Kommunen vart bedt om å bidra med beløp som tilsvarer dei andre kommunane sin del i tillegg til deira del som medlem av Visit Sognefjord. Høyanger kommune av slo søknaden 4. oktober og vil vurdere dette på nytt i samband med vurderinga av medlemskapen i Visit Sognefjord.

**Vurdering:**

Finansieringsplanen for prosjektstillinga vart utarbeidd i 2022 med verknad frå 2023, jf prosjektplanen. Grunna seinare prosjektstart enn planlagt, prisstigninga og manglande finansiering frå Høyanger tilrår administrasjonen at Sognarådet aukar den årlege løyvinga med kr 100 000. Nedanfor følgjer justert finansieringsplan. Løyvinga vert i perioden finansierte av kontigentmidlar/ fondsmidlar div prosjekt. Visit Sognefjord vil bli bedt om å føre spesifisert rekneskap for kostnadane. Rekneskapen skal setjast opp slik at den kan jamførast med endeleg kostnads- og finansieringsplan.

Kostnader		Finansiering	
Kostnadsart/kostnad pr hovudaktivitet	Beløp	Finansieringstype og kilde	Beløp
Prosjektleder/koordinator	675 000	Sognarådet	375 000
Driftskostnader	50 000	Kommunane	350 000
Reisekostnader	50 000	Visit Sognefjord	50 000
<b>Sum</b>	<b>775 000</b>		<b>775 000</b>

Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar

Sak nr.: 2022/4392

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
32/2023	31.10.2023	Arbeidsutvalet

## Overføring av oppgåver til Sogn kommunalt oppgåvefellesskap

---

### SAKSFRAMSTILLING

---

#### Tilråding:

Arbeidsutvalet rår representantskapet i Sognrådet interkommunalt politisk råd til å gjera slikt vedtak:

1. Sognrådet overfører/vidarefører følgjande vedtekne samarbeidsprosjekt og programområde til Sogn kommunalt oppgåvefellesskap: System for styrka læring, Sogn for alle, GIS-samarbeidet, helse, rekruttering, vaksenopplæring og rådmannsgruppa.
2. Overføringa skal gjennomførast med grunnlag i vedtaka i Sogn regionråd for det enkelte prosjekt/programområde og dei føringar og vilkår som ligg til grunn for dei statlege og fylkeskommunale tilskota.
3. Prosjekta og programområda skal gjennomførast i samsvar med dei budsjettramma for 2024 som vart vedteke i Sogn regionråd 16.6.2023.
4. Overføringa vert gjort gjeldande frå 1.1.2024 evt. frå det tidspunkt Sogn KO vert etablert.

#### Saksframlegg:

##### Bakgrunn:

Kommunelova legg opp til eit tydeligare skilje mellom politisk samarbeid og tenestesamarbeid. To nye organisasjonsformer vart introdusert i kommunelova for å erstatte dagens § 27-samarbeid: Interkommunalt politisk råd etter kap 18 og kommunalt oppgåvefellesskap etter kap 19. Sognrådet interkommunalt politisk råd er vidareføring av Sogn regionråd som var heimla etter §27 i tidlegare kommunelov.

Politisk råd skal vera politisk samarbeidsorgan som handsamar generelle samfunnsspørsmål på tvers av kommunegrensene, men skal ikkje drive tenesteproduksjon. Sogn kommunalt oppgåvefellesskap er etablert for tenestesamarbeid. Grensesnittet mellom tenestesamarbeid og samfunnsutvikling har vore diskutert som grunnlag for sortering av kva som skal ligge til politisk råd og til oppgåvefellesskapet.

Samarbeidsavtalane for Sognrådet IPR og Sogn KO vart vedtekne av kommunestyra før sommaren 2023 og utgjer grunnlaget for samarbeidet.

I samsvar med overgangsreglane § 31-2 i kommunelova blir eignedeler, rettar og pliktar for regionrådet (§ 27-samarbeid) ved omdanninga overført til det nye samarbeidet. Det inneber at samarbeidsområda som ligg til Sogn regionråd blir vidareført til Sognrådet IPR.

Det vert med dette lagt fram sak om vidareføring av samarbeidsområde frå Sognarådet IPR til Sogn KO.

**Vurdering:**

I diskusjonane i rådet og i rådmannsgruppa er fleire samarbeidsområde spelt inn som aktuelle til å overføre til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap. Av dei meir omfattande samarbeidsområda som har finansiering i 2024 er System for styrka læring, Sogn for alle og GIS-samarbeid. I tillegg har regionrådet handtert statlege tilskot som er kompetansemidlar til vaksenopplæring og til helse. Regionale nettverk og stadutvikling er også område som vore spelt inn, desse er utan finansiering.

For Sogn for alle må det takast atterhald om at Vestland fylkeskommune godkjenner at tilskotet på kr 1,5 mill kan overførast frå Sognarådet IPR til Sogn KO.

Representantskapet handsamar årsbudsjett, handlingsplan, rekneskap, årsmelding og strategiplan. Overføringa av samarbeidsområda vert med dette lagt fram for arbeidsutvalet som gir tilråding til representantskapet.

Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar

Sak nr.: 2023/3690

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
33/2023	31.10.2023	Arbeidsutval

## Budsjett 2024 for Sognarådet

---

### SAKSFRAMSTILLING

---

#### Tilråding:

Arbeidsutvalet rår representantskapet i Sognarådet interkommunalt politisk råd til å gjera slikt vedtak:

Budsjett 2024 for Sognarådet interkommunalt politisk råd vert vedteke som ei vidareføring av budsjettamma som Sogn regionråd vedtok 16.6.2023. Ramma vert likevel justert med dei endringane som følgjer av vedtaket i AU-sak 32/23 Overføring av oppgåver til Sogn KO.

#### Vedlegg:

1. Budsjett 2024 Sognarådet interkommunalt politisk råd
2. Budsjett 2024 til overføring til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap
3. Kontingent 2024

#### Saksframlegg:

Totalt budsjett for Sognarådet er kr 3 420 000. Kontigenten finansierer utgifter til sekretariatet, møteutgifter for rådet og regionalt utviklingsarbeid. Det er sett midlar til Visit Sognefjord til hovudprosjektet masterplan for reisemålet Sogn fase 3 frå ord til handling. I tillegg er det sett av midlar til ev tilskot til vidareføring av samarbeidet innan næringsutvikling (teknologi og digitalisering).

Kommunane løyvde hausten 2021 årleg kr 870 000 til regionalt arbeid, som rådet har sett av til samferdslearbeidet. Løyvingane gjeld i regionalplanperioden og 2024 er siste året for desse midlane. Midlane er sett av til prosjektstilling, men vi lukkast ikkje å rekruttera til den mellombelse stillinga. For 2024 er forslaget å kjøpe tenester for å ha kapasitet og ressursar innan samferdsle.

Gjennom partnerskapsavtalen bidreg fylkeskommunen med eit årleg grunntilskot til drift av interkommunalt politisk råd. Løyvinga for 2022-2023 er kr 300 000 og sumen er lagt inn i budsjettet for 2024. Det er også inngått avtale med fylkeskommunen om drift av Kompetanseforum Sogn. Avtalen gjeld for 2023-2024 og det er lagt inn årleg løyving kr 50 000.

Budsjettamme for 2024 vart vedteken i Sogn regionråd sitt møtet 16. juni 2023 av omsyn til budsjettprosessen i kommunane. Praksis tidlegare år har vore at regionrådet har vedteke endeleg budsjett for komande år i desembermøte.



Arbeidet med å sortere på samarbeidsområde mellom Sognarådet IPR og Sogn KO er starta opp denne hausten. Det vert vist til eige sak om vidareføring av tenestesamarbeid til Sogn KO.

I samsvar med kommunelova § 14-3 første ledd skal årsbudsjettet for det komande året vedtakast før årsskiftet. Representantskapet i Sognarådet fastsett budsjettet, jf samarbeidsavtalen som er vedteken i kommunestyra.

Spørsmålet om budsjettet for 2024 bør leggjast fram for representantskapet i eitt ekstra møte før årsskiftet er teke opp med Statsforvaltaren. Tilbakemeldinga er at dette blir ei vurdering som Sognarådet må gjere innanfor gjeldande lover og forskrifter.

I samsvar med overgangsreglane § 31-2 i kommunelova blir eignedeler, rettar og pliktar for regionrådet (§ 27-samarbeid) ved omdanninga overført til det nye samarbeidet. Dette inneber at Sognarådet IPR tek med seg vedtaka frå Sogn regionråd. Budsjettramma for 2024 som Sogn regionråd vedtok 16.6.2023 inneheld både budsjettet for Sognarådet IPR og Sogn KO. Kontigentmidlane utgjer samla kr 5 494 000 og vil bli fordelte mellom dei to samarbeida.

Sogn regionråd vedtok budsjettramme for 2024 i møtet 16. juni 2023. Vedlegg 1 viser framlegg til budsjett for Sognarådet. Vedlegg 2 viser budsjettet 2024 for dei samarbeidsområda som er aktuelle å overføre til Sogn KO. Vedlegg 3 viser fordeling av kontigenten for kommunane.

Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar

Sak nr.: 2023/6282

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
34/2023	31.10.2023	Arbeidsutvalet

## Val av representantar til arbeidsgrupper i Sognarådet

---

### SAKSFRAMSTILLING

---

#### Tilråding:

Sognarådet interkommunalt politisk råd opprettar følgjande arbeidsgruppe(r) og vel følgjande representantar i arbeidsgruppa:

Arbeidsgruppe: .....

- 1.
- 2.
- 3.

#### Saksframlegg:

Sognarådet kan opprette arbeidsgrupper blant representantane i arbeidsutvalet. Det har i tidlegare periodar vore etablert arbeidsgrupper innan ulike saksområde. Samferdslegruppa vart vidareført frå 2019. Innanfor sine saksområde drøftar arbeidsgrupper saker og gir tilråding til regionrådet, tek initiativ til tiltak og prosjekt som støyr opp om regional utvikling og påverknadsarbeid mot avgjerdstakar. I kommunelova § 18-3 heiter det at representantskapet kan opprette andre organ til styring av rådet. Som det framgår av våre retningslinjer tek ikkje arbeidsgruppene avgjerd i saker, og kan derfor opprettast av arbeidsutvalet.

Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar

Sak nr.: 2023/5633

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
35/2023	31.10.2023	Arbeidsutvalet

## Val av representant og vararepresentant til Klimaråd Vestland

---

### SAKSFRAMSTILLING

---

#### Tilråding:

Sognarådet interkommunalt politisk råd vel følgjande representant og vararepresentant til Klimaråd Vestland for perioden 2023-2027:

1. ... vert vald til representant
2. ... vert vald til vararepresentant

#### Saksframlegg:

Klimaråd Vestland er ein ny arena for samarbeid om klimaomstilling i Vestland og tek opp klimasaker av politisk interesse for Vestland og vestlandskommunane. Sognarådet er invitert til å velje politisk representant og vararepresentant til Klimarådet.

Klimarådet er ein samarbeidsarena som skal følgje opp Regional plan for klima 2022-2035. Klimaråd Vestland vart vedteken etablert i fylkestinget i desember 2022, som del av handlingsprogram for 2022-2025: «Klimarådet skal medverke til å nå nasjonale og globale klimamål, måla i Regional plan for klima 2022-2035, og måla i dei kommunale klima- og energiplanane. Klimarådet skal vere ein møteplass for politikarar, og ein stad for utveksling av idear og erfaringar med klimaarbeid. Det skal medverke til synergieffektar på tvers av kommunegrensar og forvaltingsnivå og gjere klimafylket Vestland enno meir synleg, slagkraftig og resultatretta i klimaarbeidet. Klimarådet skal ta opp klimasaker generelt, og spesielt saker av politisk interesse for Vestland og Vestlandskommunane.»

Klimarådet Vestland er eit politisk råd leia av fylkesvaraordførar og med politiske representantar frå dei interkommunale politiske råda, Bergen kommune, Bergensalliansen og Vestland ungdomsutval.

Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar

Sak nr.: 2023/5633

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
36/2023	31.10.2023	Arbeidsutvalet

## Val av representant og vararepresentant til styringsgruppe for masterplan

---

### SAKSFRAMSTILLING

---

#### Tilråding:

Sognarådet interkommunalt politisk råd vel følgjande representant og vararepresentant til styringsgruppe for masterplan perioden 2023-2027:


1. ... vert vald til representant
2. ... vert vald til vararepresentant

#### Saksframlegg:

Sognarådet er prosjekteigar for masterplanen for reisemålet Sogn. Frå arbeidet med masterplanen starta i 2017 har regionrådet hatt representant i styringsgruppa. Med ny periode bør Sognarådet velja politisk representant og vararepresentant til styringsgruppa.

Masterplanen for reisemålet Sogn er det overordna styringsdokumentet for arbeidet med å utvikla reisemålet for framtida. Realiseringa av masterplanen vil berre lukkast gjennom ein forpliktande partnarskap mellom kommunane, fylkeskommunen, næringa, verneområda, verdsarvparken og reisemålsselskapet. Bransje- og ressursgruppene med representantar frå næringa og kommunane knytt til Visit Sognefjord er etablert, men må reviderast og revitaliserast som del av prosjektarbeidet i samarbeid med kommunane og næringsnettverket. Visit Sognefjord AS tilsett koordinator for masterplan og merkeordning som skal ha ansvar for oppfølging av måla, strategiane og handlingsprogramma i masterplanen og merkeordninga for berekraftig reisemål.

Styringsgruppa for masterplanen er styret i Visit Sognefjord som er utvida med ein representant for verneområda, ein frå UNESCO verdsarvområdet, ein frå Sogn regionråd og ein observatør frå Innovasjon Norge. Styringsgruppa skal halde fram med å tene som styringsgruppe når vi går over til fase 3 Handlingsprogram i masterplanarbeidet. Det skal i tillegg etablerast ressurs- og arbeidsgrupper med representantar frå kommunane, næringssselskapa og næringa etter behov for å sikre brei forankring og deltaking frå aktørane i reiselivet. Organiseringa vert omtala som «destinasjonsleiing», sjå illustrasjonen under.



Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar

Sak nr.: 2023/722

### **Saksgang**

<b>Saksnummer</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Utval</b>
37/2023	31.10.2023	Arbeidsutvalet

## **Orienteringssaker**

### **Orienteringar:**

1. Leiar
2. Innspel frå medlemmane
3. Forhandlingsnemnda for Lærdalstunnelen
4. Rådmannsgruppa
5. Dagleg leiar

### **Skriv og meldingar:**

1. Søknad om tilskot til mat- og drikkeambassadør – svar
2. Møtereferat Kompetanseforum Sogn 20.9.2023
3. Tema til drøfting i møte med Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen 12.10.2023